



Arkivnr: 2018/13164-18

Saksbehandlar: Roald Landøy, Erlend Hofstad, David Aasen Sandved

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2019

Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy. Fordeling 2019**Samandrag**

Saka gjeld fordeling av tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy i Hordaland. Føremålet med ordninga er å fremje kystkulturen som del av vår kulturarv og identitet, samt som kjelde for kunnskap, oppleveling og verdiskaping. Målgruppa er eigarar og forvaltarar av større, flytande kulturminne i Hordaland. Det er eit krav at fartøyet har fått tildelt status som «verna fartøy» av Riksantikvaren, er over 100 bruttoregistertonn eller tar minst 20 passasjerar og har heimeadresse eller størsteparten av seglingstida si i Hordaland. Ordninga skal kunne dekkje utgifter som er ein føresetnad for eller ein konsekvens av at fartøya er i regulær drift.

Generelt	
Sum til fordeling, jf. budsjett 2019	1 000 000 kroner
Søknadsfrist for tildeling	1. november 2018
Vedtak kriteria	Retningsliner fastsett av KIRU 14.09.2016, sak 113/16
Informasjon om ordninga	Nettstad og utlysing i trykte media

Søknader for 2019	
Tal på søknader:	11 søknader
Tal på søknader som er tilrådd støtte:	10 søknader
Samla søknadssum:	1 883 000 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar:

Vestlandet har alltid vore avhengig av samferdsle på sjøen. Eldre fartøy og båtar er difor ein viktig del av Hordalandshistoria. I dag er fylket sine flytande kulturminne ein svært viktig ressurs for kunnskap, oppleveling og bruk.

Tilskotsordninga til forvaltning og drift av verna fartøy vart etablert i 2016. Som framheva i kulturplanen er fartøyvern eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Etter istandsetting er erfaringa at mange større fartøy slit med høge driftskostnader.

Tilskotsordninga til forvaltning og drift av freda og verneverdige fartøy vert finansiert etter same modell som tilskotsordninga for sikring og istandsetting av verna fartøy, der Riksantikvaren tildeler midlar frå statsbudsjettet i same storleik som det fylkeskommunen sjølv sett av ([SAVOS-tilskot 2019](#)). I tillegg til dei kr 500 000 som vart løyva til denne tilskotsordninga i Hordaland fylkeskommunes budsjett for 2019, kjem altså ein tilsvarende sum frå Riksantikvaren slik at den samla summen til fordeling er kr 1 000 000.

Ordninga skal kunne dekkje utgifter som er ein føresetnad for eller ein konsekvens av at fartøya er i regulær drift: naudsynt periodisk ettersyn, kontroll og service, reservedelar mm., naudsynte kurs for mannskap og tiltak for å sikre at kunnskapen om drift av fartøyet vert teken vare på og ført vidare. Når det gjeld kven som kan søkje, er det gjort ei avgrensing til større fartøy, definert i retningslinene som over 100 bruttoregistertonn eller som tar minst 20 passasjerar. Dette er dels for å gjere ordninga meir spissa mot der tronen er størst. Større fartøy har òg gjennomgåande høgare driftsutgifter, samstundes som det særleg er desse som går med passasjerar og på det viset når ut til ålmenta i størst grad. Storleiken på fartøyet og/eller talet på passasjerar fører med seg aukande krav til teknisk tilstand og tryggleik generelt. Det er opna for at fartøy som ikkje høyrer heime i Hordaland, men som har størsteparten av seglingstida si her og slik kjem fylket til gode, kan få støtte.

Utgiftsposter som går igjen i mange av årets søknader er kontroll og sertifisering av fartøy og tryggingsutstyr, forsikring, vedlikehald og reservedelar til motor, og kursing av mannskap. I utgangspunktet vert det føreslått at alle kvalifiserte søknader får tilskot i nokolunde same storleik, samanlikna med søknadssummen, men med nokre skilnader som følgjer av særskilte prioriteringar. Generelt vert tiltak som følgjer av lovpålagte krav gitt høg prioritet. Utgifter til drivstoff vert prioritert lågare. For å sikre breidda i veteranskipslåten er dei mest unike fartøya prioritert opp.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at saka har relevans for td. klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevelingar har positiv verknad på folkehelsa, og det er brei interesse og stor oppslutning rundt mange av fartøya.

Regional planstrategi: Tilskotsordningane er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy slik:

Fartøy	Søkjar	Tildelt
MS Vestgar	Øygardsbåtane AS	45 000
MS Midthordland	Det Midthordlandske Dampskipsselskab AS	90 000
MS Gamle Nyborg	Asgeir Andersen	50 000
MS Vulcanus	Vulcanus taubåtkompani	75 000
Kurs - ikkje noko spesielt fartøy	Veteranlaget Wichmann Wärtsilä	Avslag
MS Sunnhordland	HSD Sunnhordland AS	175 000
DS Stord I	Stiftelsen D/S Stord I	175 000
MS Lindenes	Veteranbåtlaget MS Lindenes	60 000
SJ Mathilde	Stiftinga Hardanger og Voss museum	130 000
MS Granvin	Veteranskipslaget Fjordabåten	75 000
DS Oster	Nordhordland Veteranbåtlag	125 000

2. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev Utval for kultur, idrett og regional utvikling administrasjonen høve til å omfordеле midlane til andre av dei omsøkte tiltaka.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy 2019. Omtale av søknadene

Fylkesrådmannen, 02.04.2019

Det vert vist til vedlegg med oversyn over søknadene og fylkesrådmannens grunngjøving til kvar søknad.